
Emne: Budsjettforslag - kutt i SFO-tilbodet

Til: Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>

Sendt: 12.12.2023 23.37.40

Fra: Linn Bigset <linnbigset@gmail.com>

Hei

Eg er ein av innbyggjarane i Hareid kommune som har born i småskulen. Kuttet i SFO-tilbodet som er foreslått i budsjettet vekker uro blant mange foreldre, meg sjølv inkludert. Som det vart skrive i eit anna innlegg, det burde ikkje vere naudsynt å argumentere MOT kutt i SFO-tilbodet som vi har. Det er lagt fram kor mykje ein kan spare inn på å kutte opningstidene, men sidan vi her må argumentere mot slike kutt, så har eg vanskar for å tru at reknestykket på innsparing har teke høgde for alle relevante faktorar. Det er ikkje vanskeleg å forstå at også kommunen må sjå på moglegheiter for å gjere innsparingar slik tidene er no, men dette er for meg eit forslag som berre vil gje innsparing på kort sikt, og med høg risiko for tapte inntekter på lengre sikt om ein berre skal sjå på kroner og øre.

Eg stiller spørsmål ved;

- Har kommunedirektøren sett på potensielt tap i komande skatteinntekter ved dette forslaget? Det seier seg sjølv at for fleirtalet av arbeidstakarar så er det ikkje mogleg å få ei 100% stilling til å gå opp med dei opningstidene som her er lagt fram. Skulestartarane er berre 5 og 6 år og ikkje store nok til å skulle kome seg på skulen sjølv om morgonen, eller å vere heime åleine kvar dag. Om ungane skal ha det trygt så vil dette forslaget føre til at minst ein av dei føresette må redusere stillingsprosenten. Dette er derimot ikkje eitt alternativ for alle arbeidstakarar, avhengig av kva yrke/stilling ein er i. Kva med alle arbeidstakarane i samfunnskritiske stillingar som kommunen er avhengig av?
- Hareid kommune har mange fastbuande som jobbar i andre kommuner, og dermed er det mange som har relativt lang veg til jobb. Då har ein også relativt lang veg heim dersom det skulle skje noko, stort eller smått, med dei borna som er overlate til seg sjølv utan tilsyn i heimen. Er det slike kår Hareid kommune ynskjer for borna i kommunen og for dei føresette?
- Det blir nemnt at sjukefråveret kan gå ned med reduserte opningstider, men reduserte opningstider vil vel også gje kutt i personalet dersom ein skal spare pengar på dette forslaget? Her trur eg kommunedirektøren hadde hatt nytte av å få gjennomført ei god rotårsakanalyse før noko slikt blir nytta som argument for kutt i opningstidene. Eg har stor tiltru til at det finnast mange andre tiltak, med dokumentert effekt, som kan redusere sjukefråveret utan at det går på bekostning av helsa til borna. For mange er SFO-ein trygg plass og ein arena for leik med jamnaldrande, har kommunedirektøren vurdert potensielle negative effekter av å ta frå born dette tilbodet?

- Det er flest kvardagar i løpet av eit år, men i eit skuleår er det også mange feriedagar, langt fleire feriedager enn i eit gjennomsnittleg «arbeidstakarår». Generasjonane som veks opp no har ikkje tilgong til besteforeldre for pass av born i den grad ein hadde tidlegare. Det er vanleg at begge i ei husholdning er i arbeid, samt at ein gjerne står i arbeid lengre. Føresette har ikkje nok ferieveker til å dekke opp for dei vekene der borna ikkje har noko tilbod dersom dette kuttet blir vedteke. Då sit vi med små born som ikkje har eit tilbod i haustferie, juleferie, vinterferie, påskeferie og planleggingsdagar, og då snakkar vi dagar på kanskje 7-9 timer der føresette er på jobb og borna må dere utan tilsyn.

Det å skulle innføre kutt vil alltid føre til diskusjonar, og det er ingen enkel jobb å skulle finne område å spare pengar på, men dette er eit kutt som eg personleg meiner ikkje kan vere særleg gjennomtenkt. Hareid kommune er avhengig av innbyggjarar som står i arbeid for å kunne halde fram med å drifta og utvikle kommunen. Hareid kommune er ein flott plass å bu, men nye boligfelt, rundkøyringar, flotte kaier og fine kantsteinar hjelpt lite på bu-lyst om det ikkje er mogleg å bu her med små born og samtidig stå i full jobb.

Mvh
Linn Øvrelid Bigset